

KULTUR UTVEKSLING

Ungdommen sitt kommunestyre i Luster (UK) har vedteke å satse vidare på kulturutveksling med vennskapskommunen til Luster i USA som er Vernon Co., WI. og byen Viroqua som er senteret i denne kommunen. Næraste større by er La Crosse som ligg ca 40 min. lenger vest ved elva Mississippi. Utvekslinga føregår på den måten at ungdommar i aldersgruppa 14 – 17 år frå Luster søker om å få vera med på denne utvekslinga, blir "adobtert" inn i ein amerikansk familie med ungdom på same alder, og gjennomfører eit prosjekt-arbeid der borte på den tida som vert valt – ca. 14. dg. Tema for dei einskilde prosjekta er slik forma at dei skal kunna presenterast for ulike mål-gruppe her i Luster etterpå. Tilsvarande for amerikanske ungdommar som kjem til Luster. Her er det naturleg at familien til den som fekk delta i USA vert vertsfamilie, og at det nye familiemedlemet vert teken vare på som ein av "alle" i vedk. familie. Kostnadene med kulturutvekslinga (reise og lommepengar) vert delvis dekkja gjennom eit tilskot frå UK på ca kr 5.000. Reisekostnadene vil koma på ca. kr 12.000.

SØKNAD OM DELTAKING I KULTURUTVEKSLINGA

Namn:	Født:	Klasse: Skule:
Adresse:	E-post:	Mobil:
Kvifor eg ynskjer å delta:		
Litt om interessene mine - og kva aktivitetar eg er med på i fritida:		
Korleis kan deltakinga mi i dette kulturutvekslingsprogrammet koma til å bety noko for <u>meg</u> seinare?		
Korleis kan eg tilføra den ungdommen som kjem til oss noko verdifullt?		

Søknadsskjema skal leverast til Servicetorget, Luster rådhus, Gaupne innan 15. mars